

# Rettleiar ved streaming

Vedteke i kommunestyret 22.09.2022, sak 64/2020

## Innleiing

Vaksdal kommune har som mål om å vera ein meiropen kommune og eit av tilboda er å streama politiske møter frå kommunestyresalen direkte via ein nett-portal. Sendingar frå tidlegare møter vert i tillegg publisert og tilgjengeleg frå kommunen si nettside.

Vaksdal kommune ser eit behov for å utarbeide retningslinjer for direktesendinga. Dette for å sørge for at direktesendinga ikkje bryt med lovverket, i tillegg til at retningslinjene skal ivareta både dei folkevalde, tilsette, sakspartar og andre som deltek i møtet.

## Teknisk løysing

Vaksdal kommune nyttar i dag den nettbaserte programvara Aventura OVP til direktesending av politiske møter. Programvara krev pålogging mot ein allereie tildelt brukar i systemet. Per i dag er det politisk sekretariat som administrerer løysinga.

Programvara har integrasjon mod kommunen sitt sakshandsamingssystem, Acos websak, for å hente sakslista til møtet. i tillegg til at det er mogleg å setje opp ei løysing for å følgje sendinga via kommunen si Facebookside.

I kommunestyresalen er det sett opp to kamera, mot podiet og mot sal, og kopling til presentasjon på pc slik at sjåarane kan få opp presentasjonen på sin skjerm. Lyd vert styrt via dashbord som også kontrollerer skjerm for framvising av presentasjonar.

Administrator av programmet har eit panel som styrer direktesendinga, med knappane start, pause og stopp. Når direktesendinga startar opp, tek det noko tid før sendinga kjem i gang.

Det er mellom 30-60 sekund forseinking frå opptak til det er tilgjengeleg på nett, men det som er filma, vil bli publisert. Dette fordi forseinkinga er tida det tek å overføre data til nettsida.

Under møtet, vert direktesendinga sett på pause ved saker som krev lukka dører eller når det er pause. Når sendinga er i pausemodus, er kamera og mikrofonar avslått. Når ordførar avsluttar møtet, vert direktesendinga stoppa.

Når møtet er avslutta, vert filmen redigert, arkivert og publisert i same programvare. Saker frå sakslista vert tilpassa slik sjåar lettare kan navigera seg i innhaldet. Sekvensar utan innhald vert fjerna frå sendinga. Dersom lyd eller bilete ikkje er kvalitetsmessig god, vil dette likevel ikkje bli fjerna. Dette med utgangpunkt i at all informasjonsutveksling skal publiserast i eit offentleg møte.

Publikum som ønskjer å følgje direktesendingar vert styrt mot Vaksdal kommunen si nettside som igjen lenker vidare til Aventura si nettside <https://vaksdal.kommunetv.no/>.

## Rutinar for handtering av direktesending av politiske møter

### Før møtet

#### **Varsel om møtedag og direktesending**

Når kommunen kunngjer informasjon om møta, skal det også kunngjerast at møta kan følgjast via kommunen si nettside. Dei folkevalde skal bli varsla om at møtet er direktesendt. Personar som skal presentera ei sak eller eit område for dei folkevalde skal bli spurt om det er greitt å bli filma og få høve til å be om at dei ikkje vert filma.

#### **Kontroll av utstyr, mikrofonar og lokale**

Dagen før sending, skal administrator syte for at alt utstyr er klargjort. NB! Testing av utstyr skal skje utan at det er personar tilstades i kommunestyresalen.

- Lyd på handhalden- og myggmikrofon, samt mikrofonar til ordførar og talarstol,
- PC tilgjengeleg og klar presentasjonar
- Hovudskjerm og sideskjerm kan koplast til pc og gå i svart utan å slå av dashbord
- Test av planlagd sending, både kamera for sal, podiet og presentasjon
- Saksliste må sjekkast mot møteinnkalling
- Fjerne alt unødvendig innanfor skjermbilete

### Under møtet

#### **Alle skal vere kjent med at det vert filma under møtet**

Administrator skal varsle når direktesendinga startar, når han/ho har trykt på pause eller stopp og når filminga startar opp igjen. Administrator skal sørge for at lyd og pc bilete er på plass ved behov. Føredragshaldar skal få informasjon om utstyr og posisjon.

#### **Bruk av mikrofon**

Under direktesending av møter, må alle som ønsker ordet, nytta mikrofon. Under kommunestyremøte, skal talarstolen nyttast under spørsmål og svar. I særskilde tilfeller vert mikrofon nytta.

#### **Kva politiske møter skal sendast via nett?**

- Kommunestyremøte
- Formannskapsmøte
- Møter i utval for levekår
- Møter i utval for bygdeutvikling
- Møter i administrasjonsutvalet

Dette gjeld temamøte, orienteringar, presentasjonar m.m. Føresetnaden er at møta vert gjennomført i kommunestyresalen, i heradshuset.

### **Unntak frå filming**

- Lukka saker\*
- Song og anna type aktivitet i møte
- «Open halvtime» vert i utgangpunktet ikkje streama.
- Andre presentasjonar der innleggjar ber om at det ikkje vert streama.

Etter møtet

### **Publisering av klipp**

Administrator skal varsle rådmann og ordførar når sendinga er redigert og publisert for evt. tilbakemeldingar.